

Vikarpresten la inn ei læringsøkt for borna om dåpen.

13.01.2019



Dåpsbarnet i dag fekk namnet Ludvig Ludvigsen Landa, her saman med broren Tage, presten Arne Nataas og mor og far, Kristine Ludvigsen og Christian Landa.

Tidlegare sokneprest i Røldal, Arne Nataas, er prostiprest og vikar i prestetenesta i Uskedalen fram til ny sokneprest er på plass. I dag på 2. sundag i Openberringstida fekk kyrkjelyden eit møte med Nataas gjennom gudsteneste, dåp og nattverd. Dåpsbarnet Ludvig vart døypt på det som vert omtala som Jesus sin dåpsdag. Ikkje nok med det: Borna i kyrkja i dag fekk ei oppleving og eit minikurs om kva som må til for å gjennomføra ein dåp.

Openberringstida er tida i kyrkjeåret frå Nyttårsdag til Askeonsdag. Den liturgiske fargen er grøn og målet er å få kunnskap om Jesus som Guds son, han som er lyset i verda. Dagens tekst er henta frå evangelisten Johannes si skildring av døyparen Johannes som vitnar om Jesus som Frelseren.



Vikarpresten Nataas la like godt ei lita læringsøkt for borna om dåpen, eit pedagogisk grep mange vil hugsa. Mange vil minnst just denne gudstenesta fordi presten bad borna koma fram til døypefonten og dåpsfatet. Borna fekk vera med og sei kva som må til for å kunna ha ein dåp. Det var vatnet med rett temperatur, handklede med ei due på, ein prest, eit dåpsbarn, fadrane og den liturgiske teksten. Det var ei gild stund som egasjerte borna og alle frammøtte.

Ved orgelet sat kantor Eva Megyesi. Offeret i dag gjekk til Indremisjonssamskipnaden.

Neste gudsteneste i Uskedalen er søndag 10. februar kl. 19.30. I mellomtida er det gudstenester i fleire av dei totalt 12 kyrkjene i Kvinnherad.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal